

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020
Fylkesutvalet		17.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

Status for handlingsprogram 2019-2020 - dei to regionale kulturplanane i Vestland

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek statusrapport for handlingsprogram 2019-2020 for dei to regionale kulturplanane og anleggspolitikk i Vestland til vitande (sjå vedlegg).

Samandrag

Vestland fylkeskommune har to gjeldande regionale kulturplanar: *Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025* vedteke i 2014 og *Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027* vedteke i 2018.

I 2019 og 2020 har ein jobba med samanslåingsprosessar og samkøying av handlingsprogramma for dei to regionale kulturplanane i Vestland. I tillegg vart felles anleggspolitikk og handlingsprogram for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2020-2024 vedteke i fellesnemnda i 2019. Vedlagt er statusen for Sogn og Fjordane 2019-2020, for Hordaland 2020 og for anleggspolitikk 2020.

Statusrapporten vert følgt opp av handlingsplan for kultur, idrett og inkludering for 2021. Denne vert lagt fram for fylkestinget til vedtak i desember 2020.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedlegg Status 2019-2020 - dei to regionale kulturplanane i Vestland, og handlingsprogram for anleggspolitikk og tildeling av spelemidlar.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 vart vedteke i Fylkestinget i Hordaland 09.12. 2014, sak PS 84/2014. Handlingsprogrammet vart deretter vedteke i Fylkestinget 10.03.2015, sak PS 11/2015. Det opprinnelege handlingsprogrammet gjaldt for 2015 – 2018, og vart rullert i 2018. Handlingsprogram for 2019 vart då vedteke i Fylkestinget 10/11.12.19 i sak 115/18. Det har vore lagt fram årlege politiske saker med statusoppdateringar og satsingar i forhold til *Premiss: Kultur*. Status for 2019 vart lagt fram i Fylkesutvalet 21.11.2019 i sak PS 219/2019. Dette er gjentatt i vedlegget her, saman med status for 2020.

Kultur for alle, regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 vart vedteke i Fylkestinget i Sogn og Fjordane 19.10.2018, sak 40/2018. Handlingsprogrammet 2019-2022 vart vedteke i Fylkestinget 04.12.2018, sak 51/2018 og ein handlingsplan for 2019 vedteke i Hovudutval for næring og kultur 06.02.2019 sak 2/2019. Status for 2019 og 2020 går fram av vedlegget.

I tillegg til desse to planane vart felles anleggspolitikk og kriterier for tildeling av spelemidlar og handlingsprogram 2020-2024 for Vestland fylkeskommune vedteke i fellesnemnda 18.06.2019 sak PS 48/2019. Status på dette arbeidet går fram av vedlegget.

Som ein regional plan etter plan og bygningslova gjeld planen utover fylkeskommunen si verksemd. Når det gjeld status for 2019 og 2020 som vert gitt i denne saka er fokus på det som fylkeskommunen sjølv har ansvar for. Det er såleis ikkje henta inn informasjon frå kommunar, organisasjonar og institusjonar om gjennomføring av tiltak.

Tiltaka i handlingsprogramma har noko ulikt konkretiseringsnivå, og det er ulikt kor stort og kor konkret ansvar fylkeskommunen har for det enkelte tiltak. Mange av tiltaka er pågåande satsingar som gir føringar for prioriteringar i budsjett og for tilskotsordningar.

I 2019 og 2020 har fokus vore på samanslåingsprosessar og samkøyring i dei to fylkeskommunane. I samband med regionreforma har fylkeskommunen fått overført nokre nye oppgåve og myndigheit innan kulturarv, friluftsliv og integrering. Regjeringa har trekt tilbake varsla oppgåveoverføring innan kunst- og kulturfeltet.

Statusrapporten i denne saka vert følgt opp av ein handlingsplan for kultur, idrett og inkludering i 2021 (basert på tiltaka i dei to kulturplanane). Den saka vert lagt fram for fylkestinget i desember 2020.

Vedtakskompetanse
Fylkestinget

Vurderingar og verknader

Fylkesrådmannen meiner at det vert arbeidd godt for å oppfylle dei overordna måla, gjennom strategiane som er lagt. Kulturplanane er ambisiøse, og midlar og personale er oftast ikkje tilstrekkeleg for å gjennomføre alle tiltaka, og oppnå alle måla. Kulturplanane med sitt handlingsprogram gir likevel ei viktig retning for arbeidet med kultur og kulturpolitikk både i fylkeskommunen, kommunane, organisasjonane og kulturlivet elles.

Økonomi: Tiltaka i handlingsprogrammet har vore løyst innan vedteke budsjett

Klima: Tiltaka skal ikkje ha ført til større klimaavtrykk

Folkehelse: Tiltaket har positiv effekt på folkehelsa. Kultur og idrett vil vere ein viktig premiss i samfunnsutviklinga. Deltaking i kultur- og idrettsaktivitetar har positiv effekt for inkludering

Regional planstrategi: Dei to regionale planane er forankra i tidlegare planstrategiar i dei to fylka. I forslag til Utviklingsplan for Vestland er det foreslått at det vert utarbeidd ny regional plan for kultur for Vestland i 2021.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget tek statusrapport for handlingsprogram 2019-2020 for dei to regionale kulturplanane og anleggspolitikk i Vestland til vitande.